

## **Folkelista og vindturbinar**

I programmet til Folkelista slår vi fast at « Vi skal ikkje ha vindturbinar i kommunen vår».

Det er tre hovudårsaker til at vi er heilt tydlege på at dette er heilt uaktuelt for Hareid kommune.

### **Naturen.**

Det har etterkvart som vi har fått betre oversikt om kva dette medfører av alvorlege inngrep i naturen, blitt klart at desse vindturbinane herjar og sett grove spor etter seg som det er umogleg å reparere. Vi veit og at monstermaster på opptil 200m ikkje berre skjemmer naturen , men og skaper støy som er svært skadeleg for folk som bur i nærleiken. Ved Snipsøyrvatnet, som av NVE er utpeika som eit godt område, vil stilla som pregar området og er unikt gå tapt.

Kva skade det og har for fuglelivet vårt,ser vi døme på allereie ved dei anlegga som vi har i dag.

### **Nasjonal råderett.**

I landet vårt var det eit viktig prinsipp at vasskrafta skulle vere styrt og eigmeldt av Noreg. Heimfallsretten skulle vere ein garanti for at Noreg skulle vere sikra styringsretten også for framtida. I vindkraftutbygginga på Frøya eig Trønderenergi 30 prosent medan eit tysk selskap eig dei resterande 70 prosent. I Tyskland er tre km frå busetting som gjeld difor er det greitt å byggje i Noeg som ikkje set slike krav til avstand. Å gje frå seg styringsretten til utlandet er vi klårt imot.

Vi veit og at med like skattereglar for vasskraft som for vindturbinar,vert det gunstig for oss å oppgradere dagens kraftnett. Dette vil gje om lag 30 prosent ekstra kraft som er meir enn den planlagde uttbygginga av vindkraft.

### **Lokal sjølvråderett.**

Folkelista meiner det er viktig at folket og den lokale kommunen som skal ha det avgjerande ordet for om det skal vere utbygging av vindturbinar eller ikkje. Her bør Hareid kommune samarbeide regionalt med dei andre kommunene i området som og blir trua med utbygging.

For Folkelista  
Einar Måseide